

Vedlegg:

OPPLYSNINGAR TIL SØKJAR:

På dette søknadsskjemaet kan du på ein enkel måte gje kommunen dei opplysningar som er nødvendig for behandling av søknaden din. Alle opplysningar som blir gitt i søknadsskjemaet blir behandla fortruleg. Du vil motta skriftleg tilbakemelding på søknaden seinast innan 4 veker.

Informasjon om saksbehandlingsprosessen:

Etter at søknaden din er motteken, vil du få brev om at søknaden er motteken og saksgangen vidare. Du vil anten bli oppringt/ invitert til ein samtale, eller at nokon frå hjelpetenestene ber om å få kome heim til deg.

Med utgangspunkt i ditt behov for hjelp og ei fagleg vurdering frå kommunen, sett i samanheng med kommunen sitt tenestetilbod, blir det fatta vedtak om kva type hjelp og kor stort omfang av hjelpen som kan ytast. Det er derfor fint om du i søknaden best mogleg beskriv kva du treng hjelp til.

Tenestene dagsenter, praktisk bistand, korttids-og langtidsopphald må du betale for. Vederlag for desse tenestene er regulert i forskrift og blir utrekna etter inntekt for tenestene praktisk bistand/heimhjelp og langtidsopphald i institusjon. Dagsenter og korttidsplassar har faste prisar. Elles er avlastning og støttekontakt gratis.

Informasjon om tenestene kommunen tilbyr:

Viser til Lov om kommunale helse-og omsorgstenester § 3-1: *Kommunen sitt overordna ansvar for helse- og omsorgstenester* : ”Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, blir tilbydd nødvendige helse- og omsorgstenester. Kommunens sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsatt funksjonsevne.” (§ 3-1, første og andre ledd).

Helse-,omsorgs- og rehabiliteringstenester som blir tilbydd av Surnadal kommune består m.a. av:

1. Heimesjukepleie

Det er ei teneste som yter *sjukepleie* for pasientar i eigen heim. Den som heilt eller delvis ikkje kan ivareta si eiga helse på forsvarleg måte har rett til nødvendig helsehjelp. Kommunen er plikt til å ha eit tilbod om helsehjelp i heimane. Heimesjukepleia har oppgåver knytta til den nødvendige helsehjelpen som brukaren er innvilga.

Rett til heimesjukepleie er heimla i lov om kommunale helse-og omsorgstenester,m.m. § 3-2, nr. 6, bokstav a. I lova står det at kommunen skal sørge for nødvendig helseteneste for alle som bur eller førebels oppheld seg i kommunen.

Heimesjukepleia er også ansvarleg for det heilskaplege pasientforløpet i heimane.

2. Praktisk bistand og opplæring

Dette er eit omfattande tenestetilbod som består av fleire ulike tiltak. Ofte blir desse tenestene omtalt som heimetenester/heimhjelp. Vilkåra for å få denne tenesta er at brukaren er i ein situasjon der det blir ansett som nødvendig med omsorgtenestene. Praktisk bistand og opplæring er ei teneste som skal hjelpe og gjer det mogleg for tenestemottakar å klare seg i eigen heim. Personar som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv eller er heilt avhengig av praktisk eller personleg assistanse for å greie daglege gjeremål kan få dette tilbodet.

Dette er heimla i lov om kommunale helse-og omsorgstenester,m.m., § 3-2, nr. 6, bokstav b.

3. Støttekontakt

Det er eit tiltak for å hjelpe brukaren til ei meningsfylt fritid, meistre sin kvardag og oppnå kontakt med andre menneskje. Denne tenesta er innvilga etter lov om kommunale helse-og omsorgstenester,m.m., § 3-2, nr. 6, bokstav b.

4. Brukarstyrt personleg assistent (BPA)

Dette er eit tenestetilbod som omfattar personleg assistanse i form av praktisk bistand og opplæring som er organisert slik at brukaren i prinsippet sjølv administrerer ordninga.

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg bistand til funksjonshemmede med behov for assistanse både i heimane og utanfor heimane. Det handlar om å kunne leie sine egne assistentar ut i frå personlege behov. Brukaren sett agenda og disponerer korleis assistansen skal organiserast innanfor timeramma som kommunen har innvilga.

Dette er heimla i lov om kommunale helse-og omsorgstenester,m.m., § 3-8, jf § 3-2, nr. 6, bokstav b.

5. Omsorgslønn

Dette er ei godtgjering som kan bli gjeve til personar som har eit særleg tungt omsorgsarbeid. anten i staden for eller saman med offentleg tenesteyting. Ein føresetnad for å motta omsorgslønn er at omsorgsarbeidet foregår i eigen heim. Kommunen avgjer om omsorgslønn skal innvilgast og kor stor ho eventuelt skal vere.

Dette er heimla i lov om kommunale helse-og omsorgstenester,m.m., § 3-6.

6. Avlastning

Dette er praktisk hjelp som skal gjevast til den som har tunge omsorgsoppgåver. Retten til avlastingstiltak er knytt til den som yter omsorg, og ikkje den omsorgstrengande. Avlastning skal gi den som yter omsorgen nødvendig kvile, ferie og fritid. Dette kan vere heilt avgjerande for at enkelte omsorgsyttarar kan makte oppgåvene over lengre tid.

Avlastning kan vere på ulike stadar: heim hos deg og familien, i annan privat heim, i avlastningsbustad eller institusjon (f.eks. sjukeheim) eller anna form for avlastning dersom familien og kommunen i fellesskap finne fram til at det er den beste løysinga.

Tenesta er heimla i lov om kommunale helse-og omsorgstenester,m.m., §§ 1-1, 3-1 og 3-2, nr. 6, bokstav d.

7. Matombringning

Denne tenesta er for heimebuande eldre eller funksjonshemmede som på grunn av sjukdom, alder eller andre årsaker ikkje er i stand til å ivareta sitt ernæringsbehov. Tenesta er ikkje lovpålagt, men matombringning kan ytast for å dekkje eit hjelpebehov som gir rett på tenesta.

8. Tryggleiksalarm

Det er ei varslingssteneste/nødalarm, der brukarane kan tilkalle kommunal betening i form av heimesjukepleie. Tryggleiksalarm skal bidra til auka tryggleik i heimesituasjon og førebyggje behov for andre tenester.

9. Dagsenter (lokalisert i Surnadal sjukeheim)

Det er ein verksemd som mottar tenestemottakarar til opphald om dagen, mens resten av døgnet blir tilbrakt i heime. Dagsenteret gjev bl.a. anna tilbod om tilsyn under dagopphald,

velferdstiltak, fysisk trening, forskjellige yrkesmessige og hobbypregede aktivitetar samt kontakt med andre menneskje.

Ordninga er ikkje heimla i lov.

10. Sjukeheim og bustad med heildøgns helse-og omsorgstenester. Det er eit døgnbasert tilbod med ei tilsvarande helsefagleg bemanning som kan bli gjeve både som tidsavgrensa opphald (korttidsopphald) og langtidsopphald. Pasientar eller brukarar som har omfattande funksjonssvikt og har behov for pleie og omsorg heile døgnet er målgruppa i slike heildøgnsinstitusjonar.

Dette er heimla i heimla i lov om kommunale helse-og omsorgstenester,m.m., § 3-1 og 3-2, nr. 6, bokstav c.

11. Rehabilitering

Dette er eit av dei plikttjeneste som kommunen har etter kommunale helse-og omsorgstenestelova. Det har til formål å gjennvinne fysisk, mental og sosialfunksjonsevne som er tapt på grunn av sjukdom eller skade. Målet er å gjere den enkelte brukar i stand til å fungere så godt som mogleg i dagleglivet ut frå sine forutsetnader og ynskjer.

Dette er heimla i lov om kommunale helse-og omsorgstenester,m.m., §§ 3-1 og 3-2, samt forskrift om habilitering og rehabilitering § 2.

12. Individuell plan

Pasientar/brukarar som har behov for langvarige og koordinerte helse-og omsorgstenester, har rett til å få utarbeidd individuell plan. Rett til individuell plan er uavhengig av alder, diagnose og funksjon. Individuell plan er eit verktøy og plandokument som skal hjelpe brukar/pasient å sette sitt personlige mål for korleis han/ho kan få det betre.

Retten til individuell plan er regulert i følgjande lovverk: Lov om pasient-og brukerrettigheter § 2-5, Lov om kommunale helse-og omsorgstenester § 7-1, Lov om spesialistehelsetenester § 2-5 og Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern § 4-1.

Informasjon om kva desse tenestane inneber, kan du få ved å ta kontakt med enten Koordinerande eining eller direkte til heimetenesta, Institusjonane, Bu-og aktivitetstenesta og Helse-og familie.

Telefon på desse einingane kan du få ved å ringe Surnadal kommune 716 55 800.

Dato søknaden om _____ er sendt Surnadal kommune ved Koordinerande eining den _____.